

Møteprotokoll

Utval: **Styret for Ålfotbreen landskapsvernombord**

Møtestad: Havly, Bremanger

Dato: 02.12.2013

Tidspunkt: 10:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ola Tarjei Kroken	Medlem	
Nina Klara Grotle	Medlem	
Anita Nybø	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Bengt Solheim-Olsen	MEDL	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Rørvik	verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 11/13	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 12/13	Godkjenning av protokoll frå førre møte		
RS 2/13	Ålfotbreen verneområdestyre - Orienteringssaker styremøte 3/13		2011/2172
ST 13/13	Ålfotbreen verneområdestyre - Søknad om tiltaksmidlar til infrastrukturtiltak - Førde grunneigarlag		2013/4257
ST 14/13	Ålfotbreen verneområdestyre - Tiltaksmidlar 2013		2013/1697
ST 15/13	Ålfotbreen verneområdestyre - Bestillingsdialog 2014 - bestilling		2013/1697
ST 16/13	Eventuelt		

ST 11/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Styret godkjener innkalling og sakliste

Tillegg til sakliste:

Sak under ST 16/13 Eventuelt: Møteplan 2014

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent med tillegg.

ST 12/13 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Framlegg til vedtak:

Styret godkjener og signerer protokoll frå førre møte

Vedtak:

Protokollar frå møte 1/13 og 2/13 vart godkjende og underskrivne.

Arkivsaksnr: 2011/2172-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 25.11.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	RS 2/13	02.12.2013

Ålfotbreen verneområdestyre - Orienteringssaker styremøte 3/13

Delegert vedtak:

Flora turlag fekk løyve gjennom delegert vedtak, til å lande med helikopter ved Blåbrebu i samband med transport av material. Løyvet gjaldt inntil 5 hiv i perioden 1. juli til 1. september.

Tiltak 2013:

Parkeringsplass Åskora

Grønne Fingre har bygd parkeringsplass med rastebord ved inforskilt. Plass til minst 3 bilar. Ferdig no i haust, kostnad om lag 35.000 inkl mva

Brygge, gjestebøye, båtplass Mettenes

Hatt kontakt med Martin Mettenes om dette. Grunna vær og vind har det lite for seg å reparere eksisterande kai.

Vurderte «gjestebøye», men dette vart ikkje gjennomført. MM lar dei som vil bruke hans tau/bøye so lenge dei spør på førehand og han ikkje skal bruke det sjølv.

Martin og onkelen har planer om å bygge seg ein molo. Skal begynne planlegginga til neste år.

Gran

Anleggsgartnerfirma Grønne Fingre i Florø har fått i oppdrag å fjerne eit felt med gran i Grøndalen. Grunneigar har gjeve grønt lys. Kjenner ikkje kostnad enno, men innanfor ramma på 60.000.

Stiar

Hope – Lavesteinen:

Flora Turlag og grunneigarane i Hope har fått 10.000 kvar til arbeid på stien og innkjøp. Fordelt ansvar mellom dei. Utbetalt

Yksneelvane – Gjegnen:

Keipen turlag har ein del planer, og fått jobba ein del med planlegging og papirarbeid. Får utbetalt 30.000 no i år. Merking, varding, skilting, infotavler. Vil truleg vere behov for meir midlar i 2014.

Informasjonsfilm

Mesteparten av tiltaksmidlane frå i fjor vart sett av til å få laga ein informasjonsfilm for Ålfotbreen landskapsvernområde. Medialinja til Firda vgs har jobba med dette og skal levere eit ferdig produkt truleg i løpet av vinteren.

Bruk av midlar:

Bestillingsdialog					
Tiltak	Tiltakshavar	Sum	Budsjett	Merknad	
Fjerning av gran	Verneområdestyret/Grønne Fingre	?	60 000		
Bygge parkeringsplass i Åskora	Verneområdestyret/Grønne Fingre	34 288	50 000		
Prosjektering, merking av sti Yksneelvane - Gjegnen	Verneområdestyret/Keipen Turlag	30 000	30 000		
Rydding, merking, vedlikehald av sti, Hope - Lavesteinen	Verneområdestyret/Flora turlag / grunneigarar i Hope	20 000	20 000		
Kai Mettenes	Verneområdestyret/Martin Mettenes		60 000	ikkje aktuelt i år	
Totalt		84 288	220 000		

Motorferdsel 2013:

Alvar Melvær fekk løyve til å transportere material til hytta si ved Grøndalsstølen med helikopter. Gjennomført og rapportert.

Handsaming i møte:

Verneområdeforvaltaren orienterte om sakene

Arkivsaksnr: 2013/4257-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 25.11.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Ålfotbreen landskapsvernombord	13/13	02.12.2013

Ålfotbreen verneområdestyre - Søknad om tiltaksmidlar til infrastrukturtiltak - Førde grunneigarlag

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidlar frå Førde grunneigarlag
- Kart (?)
- Kostnadskalkyle (?)

Bakgrunn

Førdedalen i Ålfoten er ein av innfallsportane til Ålfotbreen landskapsvernombord. Sjølve dalen og vegen som går innover i dalen er eit naturleg utgangspunkt for turar frå Ålfotenområdet og mot fjelltoppane Hjelmen, Keipen, Saga og Plogen, turar i «hyllene» (Hylle 1-10) og fisketurar. Førdedalen er og eit turmål i seg sjølv.

Det er Førde Grunneigarlag som har kosta og eig vegen som går inn i Førdedalen.

Søknaden

Vegen er for smal til at to bilar kan passere kvarandre, og her er langt mellom møteplassane. Dette skapar vanskar dei dagane det er mykje folk på tur innover dalen her. Det er derfor behov for fleire møteplassar. I tillegg er det behov for fleire parkeringsplassar.

Grunneigarlaget ser for seg utviding av 8 møteplassar langs vegen og utviding av parkeringsplass/snuplass i enden av vegen. Totalkostnaden for dette er kalkulert til kr 152.000,-.

Førde Grunneigarlag har tidlegare prøvd å få finansiering til dette tiltaket gjennom ulike tilskotsordningar, men ikkje lukkast i det. Dei søker derfor no om midlar frå verneområdestyret sine tiltaksmidlar. Grunneigarlaget har lagt inn 30.500,- i eigne midlar og 41.500,- i eigeninnsats/dugnad i tiltaket, og søker med om kr 80.000,- av styret sine tiltaksmidlar.

Vurdering

Sjølv om Førdedalen ligg utanfor Ålfotbreen landskapsvernombordet, er det ein viktig innfallsport, særleg til den vestlegaste delen av landskapsvernombordet. Hylle nummer 7 er omtalt som den vanlegaste ruta frå Ålfotenområdet og oppover mot fjella Keipen og Plogen. Dei spesielle landskapsformasjonane gjer til at denne innfallsporten er den enklaste og sikraste om man skal gå opp i fjellområda rundt Keipen.

Tilrettelegging for bruk av landskapsvernombordet til friluftsliv er noko som verneområdestyret har fokus på. Det er viktig at turfolk føler seg velkomne både i og rundt verneområdet. Innfallsportane bør derfor vere tilgjengelege, og der bør vere parkeringsmuligheter. I tillegg er det eit viktig moment at turfolk og andre sin bruk av området ikkje går ut over grunneigarane eller skapar vanskar for grunneigarar si daglege drift og virke i og rundt landskapsvernombordet. Til dømes vil tilfeldig parkering kunne vere til hinder for landbruksdrift. Med vernestatus i eit naturområde kan man forvente at bruken av området i til friluftsliv vil auke, noko som kan forsterke denne typen utfordringar. Det er derfor viktig at verneområdeforvaltninga er i dialog med grunneigarar og brukarar for å unngå eller redusere slike problem.

Førde grunneigarlag har kalkulert kostnaden med dette arbeidet til 152.000,-. (Inkludert i kalkylen er det ein del arbeid som grunneigarlaget kan gjøre på dugnad, verdisett til kr 41.500,-). Grunneigarlaget har ikkje lukkast i å få finansiering til dette frå skogsvegmidlar, då dette er eit tiltak som rettar seg meir mot tilrettelegging for friluftsliv og reiseliv. Dei har heller ikkje lukkast i å få midlar frå kommunen sitt næringsfond.

Vegen innover Førdedalen er ein viktig innfallsport til landskapsvernombordet og til naturområda som ligg inn til verneområdet. Dette er den kortaste og enklaste tilkomsten til «hyllene» som ligg nordvest i landskapsvernombordet, der særleg «hylle nummer 7» er ei mykje brukt rute. Vegen er open for ålmenta mot betaling av bompengar.

I løpet av ein sesong brukar 200 – 300 bilar denne vegen. På dei dagane med mest utfart vert det ein del «trafikkproblemer» grunna få møteplassar og dårlig parkeringskapasitet. Dette skapar både vanskar for turfolk som skal bruke naturområda og for grunneigarane som skal bruke vegen til næringsverksemد.

Det vil vere nyttig og fornuftig for verneområdestyret å bruke av tilgjengelege midlar til å støtte tilretteleggingstiltak som kjem ålmenta til gode. Det er også god bruk av midlane å bidra til å redusere ulemper som friluftsliv i verneområde kan føre med seg for grunneigarar. Det er også generelt vanleg at verneområdestyrer brukar av sine midlar til denne typen fysiske tilretteleggingstiltak.

Dersom eit verneområdestyre skal bruke midlar på denne typen tiltak, vil det alltid vere ei avveging kor mykje midlar ein skal bruke. Både sett ut i frå kor mykje tiltaksmidlar verneområdestyret har tilgjengeleg og ut i frå kor stor del av totalkostnaden ved tiltaket/prosjektet verneområdestyret skal dekke. I tiltak eller prosjekt kor der er ei nytte for grunneigarar eller næringsaktørar, er det vanleg at det er ein eigenandel, i form av eigeninnsats og/eller pengar.

Ålfotbrean verneområdestyre har 80.000 kr i tiltaksmidlar for 2013, og har enno ikkje brukt noko av desse.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Ålfotbrean verneområdestyre støttar søknaden frå Førde grunneigarlag med kr 60.000 som skal gå til bygging av møteplassar og parkeringsplass på vegen i Førdedalen.

Vilkår:

- Vegen skal framleis vere open for ålmenta
- Bompengesatsen skal ikkje auke meir enn 50 % dei komande 3 åra (med mindre det trengs større reparasjonsarbeid etter naturskade eller liknande)
- Grunneigarlaget skal legge fram rekneskap og ein sluttrapport for tiltaket etter at det er ferdig.

Vedtak:

Ålfotbrean verneområdestyre støttar tiltaket med 50 % av kostnaden, inntil kr 76.000.

Vilkår:

- Vegen skal framleis vere open for ålmenta
- Bompengesatsen skal ikkje auke meir enn 50 % dei komande 3 åra (med mindre det trengs større reparasjonsarbeid etter naturskade eller liknande)
- Grunneigarlaget skal legge fram rekneskap og ein sluttrapport for tiltaket etter at det er ferdig.
- Tiltaket skal vere ferdig innan 1. september 2015. Dersom tiltaket ikkje er ferdig då, må pengane betalast attende til verneområdestyret.

Arkivsaksnr: 2013/1697-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 25.11.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Ålfotbreen landskapsvernombord	14/13	02.12.2013

Ålfotbreen verneområdestyre - Tiltaksmidlar 2013

Bakgrunn

Ålfotbreen verneområdestyre har for 2013 fått tildelt 80.000 kr i tiltaksmidlar. Før dette møtet er ikkje noko av desse midlane brukte.

Styret står ganske fritt til å avgjere kva dei vil bruke tiltaksmidlar på, men her er nokre føringar. Midlane er statlege investeringsmidlar, og kan ikkje gjevast som tilskot. Dei kan ikkje brukast på ein måte som er i strid med verneføremål eller til skade for verneverdiar og naturverdiar. Det vert oppmoda om at midlane vert brukt til styrking av verneverdiene.

Andre kan søke styret om tiltaksmidlar til konkrete prosjekt. I år har det kome inn ein søknad, frå Førde grunneigarlag (sjå førre saka).

Ubrukte midlar ved årsskiftet vert trekt inn att til Miljødirektoratet.

Handsaming i styret

Dersom ikkje heile potten av årets tiltaksmidlar vert tildelt til Førde grunneigarlag, so vil det framleis stå att tiltaksmidlar av årets tildeling. Styret bør i so fall vurdere om resten av midlane skal nyttast og i so fall til kva.

Handsaming i møte:

Ikkje aktuelt då midlane vart brukte på sak ST 13/13

Arkivsaksnr: 2013/1697-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 25.11.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Ålfotbreen landskapsvernombordet	15/13	02.12.2013

Ålfotbreen verneområdestyre - Bestillingsdialog 2014 – bestilling

Verneområdeforvaltaren legg fram følgjande forslag til bestilling for 2014. Bestillinga inneheld både vidareføring av pågående prosjekt og satsingar og nye prosjekt/tiltak.

Prioritet	Tiltak	Samarbeids-partner	Ansvar	Kostnad
	<u>Søppelrydding etter kraftutbygging</u> Kartlegging i haust syner at det framleis er søppel og skrot igjen etter kraftutbygginga, både innanfor og utanfor landskapsvernombordet. Spleiselag med SFE?	SFE	SNO	50.000
	<u>Stiprosjekt – Ålfoten til Giegnen</u> Har starta planlegging og fått pengar på forskot. Er ønske og behov for meir midlar til mellom anna marknadsføring og informasjon om ruta.	Keipen turlag	Områdestyret	20.000
	<u>Kartlegging og fjerning av gran</u> Halde fram arbeidet, framleis nokre stader kor vi ikkje har oversikt.		Områdestyret	50.000
	<u>Molo på Mettenes</u> Grunneigarane vil planlegge og bygge. Kanskje verneområdestyret kan bidra økonomisk mot at ålmenta får tilgang.	Martin Mettenes	Områdestyret	100.000
	Totalt			220.000

Vedtak:

Prioritet	Tiltak	Samarbeids-partner	Ansvar	Kostnad
1	<u>Søppelrydding etter kraftutbygging</u> Kartlegging i haust syner at det framleis er søppel og skrot igjen etter kraftutbygginga, både innanfor og utanfor landskapsvernområdet. Spleislag med SFE?	SFE	SNO	50.000
2	<u>Stiprojekt – Ålfoten til Giegnen</u> Har starta planlegging og fått pengar på forskot. Er ønske og behov for meir midlar til mellom anna marknadsføring og informasjon om ruta.	Keipen turlag	Områdestyret	20.000
5	<u>Kartlegging og fjerning av gran</u> Halde fram arbeidet, framleis nokre stader kor vi ikkje har oversikt.		Områdestyret	50.000
4	<u>Molo på Mettenes</u> Grunneigarane vil planlegge og bygge. Kanskje verneområdestyret kan bidra økonomisk mot at ålmenta får tilgong.	Martin Mettenes	Områdestyret	100.000
3	<u>Ymse stitiltak:</u> Midlar som kan nyttast etter behov til tilrettelegging og sikring av stiar, som til dømes Åskora – Ålfotbreen og Hope - Lavesteinen	turlaga	Områdestyret	50.000
	Totalt			270.000

ST 16/13 Eventuelt

Møteplan 2014

Vedtak:

Verneområdestyret legg opp til følgjande styreakтивет i 2014:

- Eit styremøte på våren når bestillingsdialogen er komen
- Ei synfaring/tur på sommaren
- Eit haustmøte
- Telefonmøter ved behov og oppdukkande saker.